



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjestatsforvaltar - Alver - 351/1 - veg - Landsvik - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 08.07.2023. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formålet, føresegn 3.2 i kommuneplanen og avstandskrav for etablering av veg.

Alver kommune gav først avslag på dispensasjon. Vedtaket vart klaga på av tiltakshavar og kommunen gav delvis medhald i klagen i delegert vedtak datert 06.09.2022. Det nye vedtaket vart klaga på av nabo Arnt Landsvik. Utval for areal, plan og miljø handsama begge klagene og gav i vedtak datert 08.02.23, i sak 023/23, dispensasjon frå både LNF-formålet, føresegn 3.2 i kommuneplanen og avstandskrav for etablering av veg.

Vedtaket vart klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 20.04.2023.

Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 07.06.2023, og klaga vart ikkje teken til følge. Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42 i brev datert 08.06.2023.

Statsforvaltaren ber om oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjestasforvaltar etter oppnemning.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Alver kommune
Hege Landsvik
Arnt Landsvik

Postboks 4
Øvre Lyngbø 35
Strandgaten 234

5906
5164
5004

FREKHAUG
LAKSEVÅG
BERGEN